

# Segmentasjon eller motivert epentese?

## Om overgangen *ll* > *dl* i vestnorsk

Av Rune Røsstad

Den vestnorske lydendinga *ll* > *dl* er rekna for å vere ein ‘segmentasjon’ og står i eit uvisst forhold til overgangen *rl* (> *ll*) > *dl*, som tradisjonelt er rekna som ein ‘differensiasjon’. Lydendingane er forsøkt forklarte på ulike vis, og særleg problematisk synest *ll* > *dl* å vere. Forfattaren argumenterer for at det å sjå overgangen som ein ‘epentese’ er meir klargjerande ved at han blir sett på som resultat av koartikulasjon og såleis som ei fonetisk motivert lydending. Vidare undersøker forfattaren om og korleis overgangane kan forklarast innanfor to teoretiske rammeverk som kombinerer fonetisk basis og kognisjon: artikulatorkognitiv fonologi (representert ved Garmann 2010) og John J. Ohalas teori om hypokorreksjon og hyperkorreksjon. Konklusjonen er at desse teoriene ikkje gjev fullgode svar, og særleg utfordrande er det å beskrive den kognitive prosessen. Likevel synest dei to tilnæringsmåttane som fruktbare forsøk på å forstå korleis lydendingane oppstod.

## 1 Innleiing

I sentrale delar av det vestnorske målområdet fekk den gammalnorske konsonanten *ll* overgang til *dl* (t.d. *adle*, *fjedl*). Utviklinga gjekk endå vidare i delar av Agder og Telemark, til *dd* (t.d. *adde*, *fjødd*), og i om lag dei same områda fekk gno. *rl* ei delvis lik utvikling, med dei same konsonantsambanda som endeleg resultat (t.d. *ein kadl* eller *ein kadde*, av gno. *karl* m.). Overgangane har parallellar i islandsk og færøysk, og derfor er dei vanlegvis rekna som vestnordiske lydendingar. Særleg har innovasjonen *dl* framstått som utfordrande å forklare, og ein har ikkje makta å danne seg eit klart bilete av utviklinga. Kjeldene er spinkle, og det er uvisst om ein har å gjere med parallelle (*rl* > *dl* og *ll* > *dl*) eller stegvise overgangar (*rl* > *ll* > *dl*) (jf. Røsstad 2011 om kjeldegrunnlaget).

Overgangen *ll > dl* blir helst omtalt som ‘segmentasjon’, medan den mogleg direkte overgangen *rl > dl* er rekna som ein ‘differensiasjon’ (Sandøy 1985: 188, Skjekkeland 1997: 115ff.). I ‘segmentasjon’ ligg det at eitt segment deler seg i to åtskilde segment, noko også den tradisjonelle notasjonen *ll > dl* indikerer. Kva som er årsak eller motivasjon til ei slik deling, framstår som uklart. Frå fonetikarhald (Slethei 1996) har det likevel vore peikt på at overgangen kan reknast som ein *epentese*, altså som innskot av eit segment. Det synet inneber at innskotet har opphav i koartikulasjon, og at det dermed er meir openbert fonetisk motivert enn det som ligg i ‘segmentasjon’.

Garmann (2010) analyserer ei rad konsonantovergangar i norsk, mellom dei overgangen *ll > dl*. Analysen hennar byggjer på artikulatorkisk fonologi (Browman & Goldstein 1991), og har ein fonetisk basis med klare parallellar til koartikulasjon. Garmann knyter så analysen til kognitivlingvistiske teoriar (Bybee 2001), der elementa *bruk* og *frekvens* utgjer dei sentrale elementa i forståinga av kva som motiverer språkleg endring. Tiltærminga er enkel og heilskapleg sidan mange lydendringar fell inn under analysen, også segmentasjonar, som elles framstår som ein avvikande type lydendring. Garmann går likevel ikkje vidare i analysen, og ein får ikkje vite om og eventuelt korleis bruken og frekvensen spelar ei rolle for lydendringane, altså om dei verkeleg kan forståast i lys av det teoretiske rammeverket.

I denne artikkelen søker eg eit svar på om overgangen *ll > dl* kan reknast som *epentese*, og om det også gjeld andre overgangar som blir rekna som ‘segmentasjonar’, som *nn > dn* og *mm > bn*. Vidare undersøker eg korleis innovasjonen *dl* kan beskrivast og forklarast innanfor nokre teoretiske rammeverk som kombinerer fysiologi/fonetikk og kognisjon i forklaringar av lydendring. Her går eg først vidare på Garmanns analyse, og prøver han ut på det teorigrunlaget ho sjølv knyter seg til (Bybee 2001). Deretter undersøker eg dei aktuelle overgangane i lys av John J. Ohalas (1989, 1993a, 1993b, 2003) teori om hypokorreksjon og hyperkorreksjon, ein teori som har vore lite påakta i norsk historisk språkvitenskap.

## 2 Tradisjonelle forklaringar i norsk dialektologi

Innanfor norsk dialektologi er overgangen  $ll > dl$  rekna som ein segmentasjon forstått på den måten at eitt segment blir splitta i to åtskilde segment. Forklaringar av overgangen byggjer på anten fonetiske og/eller strukturelle forhold, gjerne kombinerte med analogi. Dei fonetiske forklaringane har ofte eit visst preg av junggrammatisk tankesett, der endringar er regulære og skjer på mekanisk vis ved 'hjelp' av taleorgana (Larsen 1926, Hoff 1978, Skjekkeland 1997, Bakken 2001). Samstundes bryt somme med det prinsipielle synet på regularitet og forholdet mellom lydlover og analogi. Sidan lydlovene er regulære, vil det vere mest naturleg å rekne den nokså frekvente konsonanten  $ll$  som opphavet til  $dl$ , og så meine at det mindre frekvente  $rl$ -sambandet først blei assimilert til  $ll$ , før det gjekk vidare til  $dl$  på grunn av analogi eller lovmessigheit. Det er også det forløpet Larsen føreslår (1926: 7f.), medan Hoff (1978: 134) og Skjekkeland (1997: 17, 116) derimot plasserer oppkomsten til  $dl$  i  $rl$ -sambanda.

Strukturelle forklaringar inneber at endringar skjer som følgjer av behov for forbetringar i språkstrukturen. Strukturen er kjenneteikna av opposisjonar og symmetri, og dersom dette mønsteret blir skipla, skjer språklege endringar, motiverte ut ifrå behov for å 'reparere' strukturen. Ei nokså reindyrka strukturell tilnærming er Sommerfelt (1952), der overgangen  $ll > dl$  blir forstått som ein måte å forhindre eit mogleg samanfall på. Delar av Christiansens (1946–48: 50) framstilling kan forståast på liknande vis, når ho reknar segmentasjon og differensiasjon som "bevarande tendenser", og som det "stikk motsatte" av "økonomisk artikulasjon – minst mulig arbeid for artikulasjonsorganene", men elles er Christiansen noko uklar på korleis dei ulike overgangane til  $dl$  gjekk føre seg (jf. især s. 169).

Sandøy (1994: 44) peiker på at endringar i kvantitetssystemet *kan* ha vore utløysande årsak for overgangane, men då på meir overordna nivå ved at ein kvantitativ skilnad mellom lang og kort konsonantisme blir erstatta av ein kvalitativ skilnad (ulike konsonantsegment), truleg for å sikre at opposisjonar i språkstrukturen står ved lag. Heide (2010: 36f.) gjev ei liknande forklaring, men framstillinga hans kan også lesast som at latente lydendringar blei realiserte då det blei strukturelt naudsynleg.

Sandøy peiker også på ei mogleg strukturell forklaring av  $rl > dl$  (og  $rn > dn$ ), i meir universell retning: Sidan begge dei opphavlege konso-

nantane er svært sonore, er det ifølgje fonologiske teoriar svært sannsynleg at noko vil kunne skje med dei; i norsk skjer det ved assimilasjon, palatalisering eller dissimilasjon (1994: 44). På liknande vis peiker Kristoffersen og Torp (2016: 196) på at fleire sørvestnorske differensiasjonar og segmentasjonar kan sjåast på som “ei styrking av konsonantane”, sidan “plosivar er meir ‘konsonantiske’ enn sonorantar” (jf. også Torp 2011 for ei utdjuping). Med sine typologiske perspektiv blir slike forklaringar gjerne kritiserte for heller å vere deskriptive enn forklarande, fordi sjølve den forklarande faktoren ikkje er til stades (jf. Mæhlum 1999: 76f. som stør seg på Lass 1980).

I hovudsak har ein søkt svar på to spørsmål omkring desse konsonantovergangane:

- Kva skjedde først, *rl* (> *ll*) > *dl* eller *ll* > *dl*?
- Kvifor skjedde overgangane?

Éi utfordring er kva for spørsmål ein bør nærme seg først. Det avheng av kor godt kjeldegrunnlaget er, og kor enkelt det synest å forklare eller forstå sjølve gangen i utviklinga. Samstundes er det problematisk dersom det er mogleg å tilpasse svaret på det neste spørsmålet slik at svara harmonerer, for det gjev høve til å etterrasjonalisere. For begge konsonantovergangane er det mogleg å leggje ei strukturell forklaring til grunn, og dersom overgangane skjedde på ulike tidspunkt, kan ein så postulere analogi som årsak til den overgangen som skjedde sist. Slik kan ein påstå at overgangen *ll* > *dl* skjedde seint, og nettopp derfor finst han ikkje i kjeldene, eller ein kan påstå at overgangen skjedde tidleg, men ikkje er belagt i kjeldene. Alternativt kan ein starte med kronologien, grunna på kjeldene, for deretter å ‘forklare’ overgangane fonetisk, strukturelt og analogisk, alt etter som det passar.

Det er godt mogleg at overgangen *ll* > *dl* skjedde tidleg i seinmellomalderen (1350–1536) eller før, og det er ikkje gode grunnar for å hevde at at *rl* (> *ll*) > *dl* er eldre enn *ll* > *dl* (jf. Røssstad 2011). Følgjeleg bør ein i utgangspunktet nærme seg overgangen *ll* > *dl* som uavhengig av *rl* > *dl*, for ikkje å gjere seg avhengig av mogleg galne premisar.

### 3 Innovasjonen *dl* i vestnordisk perspektiv

Innovasjonen *dl* av opphavleg *ll* og *rl* er felles for islandsk, færøysk og vestnorsk, og er mykje parallell med *dn* av *nn/rn*, med variasjonar i dei ulike språka (Kristján Árnason 2005: 353ff., Höskuldur Thráinsson et al. 2004: 403f.). Om desse og andre felles innovasjonar i vestnordisk har meiningane vore sterkt delte (for eit oversyn, sjå Sandøy 2003, Kjartan Ottosson 2003). Det eine standpunktet går ut på at den felles utviklinga var ei følgje av sosial kontakt, i hovudsak at innovasjonane spreidde seg frå Noreg til øy-samfunna gjennom ulike former for samkvem. Særleg kjend for dette synet er Chapman (1962), som blei sterkt motsagt av Hreinn Benediktsson (1962), som argumenterte for parallelle, uavhengige utviklingar motiverte av språkstrukturelle forhold som var felles fordi opphavet (eldre gammalnorsk) var det same. Sandøy (2003: 89f.) kritiserer Hreinn Benediktsson for å vere lite konkret i dette spørsmålet, sidan han ikkje har vist til *kva* i den språklege strukturen som har utløyyst innovasjonane. Kjartan Ottosson (2003) ser det som mest sannsynleg at mange av lydendringane i islandsk er oppstått på uavhengig vis. Grunngevinga er kronologien i kjeldene, og han understreker at det står att “å sjå i detalj på dei strukturelle føresetnadene for dei ymse endringane i Noreg og på Island” (s. 128). Om endringar av mellom anna gno. *rn*, *nn*, *rl* og *ll* seier likevel Kjartan Ottosson at dei – på kronologisk grunnlag – gjerne kan vere lånte eller overførte frå norsk. Han legg då også vekt på at desse fekk mindre rekkjeverd i språkssystemet enn andre lydendringar (s. 143), som eit argument for at dei lettare kan ha vunne innpass utanfrå.

Medan Sandøy (2003: 90) og Kjartan Ottosson (2003: 121) reknar dei vestnordiske overgangane *rl* > *dl* og *ll* > *dl* som høvesvis “differensiasjon” og “segmentasjon”, som også er dei tradisjonelle omgrepa i norsk dialektologi, nyttar Schulte (2005) “dissimilations” om *ll* > *dl* og *nn* > *dn*. Han følgjer då Sommerfelt (1952), som omtalte *ll* > *dl* som “differensiasjon”, jf. også Chapman’s meir generelle “dissimilation phenomena” (1962: 61ff.). Kristján Árnason (2005: 264), som viser til det islandske ordet for ‘dissimilasjon’ – ‘frálíking’ – peiker på at dette då må innebere at det er to konsonantsegment som fjernar seg frå kvarandre (“fjarlægist”), i desse tilfella ved at det eine segmentet blir til ein lukkelyd (“lokhljóðun”). Påpeikinga hans viser tydeleg at ved å nytte omgrepa ‘dissimilasjon’ og ‘differensiasjon’ om *ll* > *dl* og *nn* > *dn* legg ein seg i praksis nær opp til teorien om ‘geminerte’, ‘tvedelte’ realisasjonar av dei opphav-

lege, lange konsonantane, noko både Larsen (1926: 7f.) og Hoff (1978: 199) argumenterte for.

I staden argumenterer Kristján Árnason for at overgangane *nm* > *dn* og *ll* > *dl* vel så gjerne kan sjåast på som ein type “tvíhljóðun”, som bør omsetjast med ‘tvilyding’. I dette stór han seg på fonologisk ‘element-teori’ (“frumefnakenningin”), med referanse til Harris (1994) og “stjórnunarhljóðkerfisfræði” (dvs. styringsfonologi), som gjer det mogleg at det “bæði í *l* ok *n*” kan liggje eit lukkelyds-element (“lokhljóðseðli”) (2005: 63f., 67 og 264). Den vidare argumentasjonen er fonetisk basert, ved at han seier at høvesvis nasaldanninga og lateraldanninga (“nefhljóðsmyndunin” og “hlíðarhljóðsmyndunin”, s. 264) forsvinn ut av førstedelen av lyden. Det er altså tale om ei ‘forskyving’ av ein del av lyden (“misgengi hljóðþátta eða frumefna”), som ifølgje Kristján Árnason minner om diftongering (s. 264). Slik lokaliserer han opphavet til dei nye segmenta i *dl* og *dn* til lukkelyds-element i dei opphavlege konsonantane [l] og [n].

Kristján Árnason er varsam, både når det gjeld forklaring av og gangen i utviklinga. Etter ei drøfting av kjeldegrunnlaget konkluderer han med at tre prosessar har vore verksame på gno. *rl* og *ll* (og *rn* og *nn*) (2005: 355). For det første er *rl* blitt assimilert (“samlagast”) til *ll*, noko som også blei føreslått av Larsen (1926: 7f.), i motsetnad til andre norske dialektologar (jf. avsn. 2 ovanfor). For det andre har *ll* fått overgang til *dl*, gjennom “frálíking” eller “tvíhljóðun”, og for det tredje har ein fått *d*-innskot i opphavlege *rl*-samband, med mogleg bortfall av *r*. Dette *d*-innskotet gjer at islandsk kan ha både *kedling* og *kerdling* av gno. *kerling*, og det finst ikkje i færøysk (Thráinsson et al. 2004: 404) og heller ikkje i norsk. Forholdet mellom desse prosessane er då særleg komplisert i islandsk, og Kristján Árnason understreker at det er mykje ved desse overgangane som ikkje er kome for dagen (2005: 356).

#### 4 Kva slags lydendringar er *rl* (> *ll*) > *dl* og *ll* > *dl*?

På grunnlag av fonetisk og/eller fonologisk analyse blir lydendringar gjerne klassifiserte i ulike kategoriar. Kor viktig klassifiseringa er, avheng av den teoretiske overbyggnaden ein arbeider innanfor. I samanhengar der ein legg fonetiske forhold til grunn for å forklare lydendring, kan klassifiseringa kome til å bli sjølvne forklaringa. Eitt døme er ‘assimilasjonar’,

som kan beskrivast som overgangar der to lydsegment blir likare einannan, men som også kan implisere at det er ein kausal samanheng mellom den opphavlege segmentkombinasjonen og overgangen. Klassifiseringsane er også viktige i andre tilfelle; legg ein til dømes ein bestemt fonologisk teori til grunn, vil det vere avgjerande at dei endringane ein studerer, kan klassifiserast deretter. Altså ligg det ofte sentrale teoretiske premissar til grunn for korleis overgangane blir beskrivne, og premissane kan gjerne knyttast til førestillingar om kausalitet.

Overgangen  $rl > dl$  er, om han verkeleg har skjedd, vanlegvis rekna som ein dissimilasjon (jf. Lass 1984: 173 om omgrepet), på norsk også kalla ‘differensiasjon’ eller ‘differensiering’ (jf. avsn. 2 og 3), og ‘frálíking’ på islandsk (jf. avsn. 3). Overgangen har få parallellar (sjå likevel Hall 2009). Førstesteget i den alternative overgangen  $rl > ll > dl$  er på si side ein assimilasjon, som har mange parallellar i andre varietetar av norsk. Ëi utfordring ved desse og andre lydendringar er at me saknar presise fonetiske beskrivingar av dei opphavlege segmenta i gammalnorsk. Ut ifrå forholda i dag (jf. Endresen 1991: 83) ligg det nær å tru at gno. *l* var apiko-alveolar i det aktuelle geografiske området, men uvisst er det likevel. Når det gjeld *r*, har også den helst vore apiko-alveolar, men det er meir usikkert om det var ein vibrant (‘trill’) eller ein flikk (‘tapp’) (jf. Haugen 1993: 41). Dersom *r* har vore ein flikk, har den fonetiske avstanden til [d] vore liten, og den eventuelle dissimilasjonen  $rl > dl$  har derfor vore ei relativt ‘lita’ endring. Ein kan også sjå på flikk-alternativet som mest aktuelt for å hevde assimilasjonen  $rl > ll$ , jf. Hamann (2005: 37): “[...] a trill is very unlikely to have merged with another segment due to its strong perceptual cues and its more specific articulatory requirements”. Påstanden inneber at markert fonetisk opposisjon mellom ulike segment har ein preventiv funksjon for lydendring.

Når det gjeld overgangen  $ll > dl$ , føresette både Larsen (1926: 7f.) og Hoff (1978: 119) ei ‘geminert’ realisering av lateralen, som lekk i ei fonetisk forklaring av overgangen. I dette ligg det at lateralen opphavleg må ha vore todelt, altså ikkje (berre) lang, og at det første segmentet så har endra seg til [d]. Dersom det var tilfellet, kunne ein vel så gjerne rekne overgangen som ein ‘dissimilasjon’, noko Larsen faktisk også gjer (1926: 7), medan Hoff nyttar den etter kvart så tradisjonelle nemninga ‘segmentering’ (1978: 134). Det er få haldepunkt for denne todelte realiseringa, og ein kjem dessutan i fare for å argumentere i ring: Geminert uttale har ført til segmentasjon, og segmentasjon viser at uttalen må ha vore gemi-

nert. Ei anna mogleg innvending er det at geminert realisering visstnok eller helst skal ha gjeldt fleirstavingsord (jf. Larsen 1926: 7f., Hoff 1978: 119), og ein treng i så fall ei tilleggforklaring for einstavingsord, til dømes analogi.

I nyare norsk dialektologi har ‘segmentasjon’ derimot vore forstått som ei lydendring der eitt (langt) segment går over til to segment (jf. Sandøy 1985: 188, Skjekkeland 1997: 88). Denne definisjonen er ei nokolunde nøytral beskriving av noko observerbart, føresett at ein ikkje problematiserer durasjonen. Samstundes blir overgangen altså berre knytt til *eitt segment*, noko som også ligg i sjølve notasjonane *ll* > *dl* og *nn* > *dn*, og dermed blir det naturleg å tenkje seg at ein eventuell fonetisk motivasjon for endringane skal lokaliserast til dette eine segmentet. Spørsmålet som då følgjer, er om det er forklaring nok å fokusere på det einskilde segmentet aleine. Overgangstypen framstår som langt mindre mystisk og uforklarleg når ein som Kristján Árnason (jf. avsn. 3) argumenterer for eigenskapar ved det opphavlege segmentet, som, når dei blir realiserte, fører til lydforskyving og ‘tvilyding’ som resultat. Såleis ligg det til rette for at noko bestemt kan kome til å skje, og resultatet av det som skjer, er på ingen måte tilfeldig. I tilfella *dl* og *dn* har det kome inn ein lukkelyd, nettopp fordi den eigenskapen (lukkelyds-elementet) var til stades i den opphavlege konsonantismen. Forholdet er heilt sentralt for å forklare overgangane, men det at noko har visse eigenskapar – og såleis kan seiast å vere latent – er neppe tilstrekkeleg som fonetisk motivasjon.

Eit alternativt syn på overgangen *ll* > *dl* kan då vere å sjå på plosiven [d] som eit innskote segment mellom kort vokal og lateral, det vil seie at endringa kan karakteriserast som ein *epentese* med notasjonen [Vl] > [Vdl]. Som ein rein overflate-observasjon er det lite i vegen for dette, dersom ein godtek at endring av durasjonen til lateralen ikkje spelar ei vesentleg rolle eller utgjer eit problem.

Lass reknar med ulike typar epentese (1984: 184ff.). Litt forenkla kallar han den eine hovudtypen “genuine instances of ‘segment from zero’”, medan den andre er “spurious epenthesis or feature-segmentalization” (s. 186). Argumentasjonen hans må forståast slik at den sistnemnde typen er fonetisk motivert (i motsetnad til fonotaktisk), der forhold ved artikulasjonen resulterer i at trekk ved (eitt av) dei opphavlege segmenta manifesterer seg som eit nytt segment, jf. også måten han omtaler eit av døma sine på: “[...] there is a source for the inserted segment” (s. 185).



I norsk fonetikk er nemningane ‘segmentasjon’ og ‘epentese’ kopla saman, utan at det har vunne innpass i dialektologien (jf. likevel Christiansen 1946–48: 54, som i omtalen av segmentasjon gjev epentetiske døme). Kloster-Jensen (1964) skriv at epentesen gjev eit nytt segment, og derfor “taler en også gjerne om segmentasjon, helst ved konsonanter” (s. 56). Segmentinnskotet blir her forklart fonetisk, som eit resultat av ein “glide” på overgangen mellom dei to opphavlege segmenta. Særleg interessant er det eine dømet til Kloster-Jensen (1964: 56):


Det ligger spirer til epentese i alle glides. En som hører et språk han ikke er fortrolig med, vil ha vanskelig for å vite hva han skal regne som glides og hva som er selvstendige språklyd [sic] (tenue-faser). En tysker fant ut at ordet “hvil” i norsk uttales [vi:dl]. Bare når vi hører særlig godt etter, vil vi som nordmenn oppdage en glidelyd (stemt dental klusil) mellom den lange palatale vokalen og den alveolare lateralen [-i:l-]. Denne klusilen eksploderer lateralt.

Parallellen til *ll* > *dl* er openberr, bortsett frå at Kloster-Jensen synest å knyte glidelyden til den spesifikke vokalen [i:].

Slethei (1996) skil heller ikkje klart mellom segmentasjon og epentese, og han gjev ei liknande, meir allmenn forklaring av *ll* > *dl*: Dei innskotne plosivsegmenta i *steidn* og *adle* kan “lettest forklares som konsekvenser av ufullstendig motorisk koordinasjon i artikulasjonsprosessen” (1996: 121). Overgangen frå vokal til konsonant inneber to prosessar som skal skje samstundes; i tilfellet *alle* kjem då den laterale opninga seinare enn det apikale lukket, slik at resultatet blir *adle*, med “en plosiv med lateral eksplosjon” (s.st.).

Desse forklaringane ligg nær opp til den måten både Lass (1984: 184ff.) og Hock (1991: 117ff.) handsamar ‘segmentalization’ på, som ein særleg type epentese. Som Lass beskriv også Hock her overgangar der fonetiske trekk (‘features’) i eitt eller begge dei opphavlege segmenta blir manifesterte som eigne, innskotne segment. Hock nyttar dessutan omgrepet “glide epenthesis”, som er ei endring frå “non-segmental ‘feature’ status to fully segmental articulation” (1991: 120). Denne forklarar han som eit resultat av “wrong timing” av dei artikulatoriske gestane som inngår i dei opphavlege segmenta, til dømes slik om dømet \**anros* > *andros* i eldre gresk (såkalla ‘pre-Greek’): “[...] the transition from nasal *n* to the following oral *r* is not accomplished all at once. Instead, the gesture of nasality is discontinued before the stop articulation comes to an end.

The result is a stretch of oral dental stop” (s. 118, merk at “gestures” her er ein fonetisk storleik, jf. også termen “articulatory gestures”, s.st.). Hock illustrerer også denne prosessen skjematisk, jf. illustrasjon 1.



Illustrasjon 1: \**anros* > *andros* (etter Hock 1991: 118)

Framstillinga til Hock liknar på Kristján Árnasons ‘forskyving’ (jf. avsn. 3 ovanfor), som inneber at trekk forsvann ut av delar av det eine segmentet (*ll* og *nn*). Denne lokaliseringa er på ein måte logisk fordi ein då kan seie at den avkorta durasjonen av det opphavlege segmentet er resultat av at [d] har fortrent delar av det, og dermed vil det vere dekkande å nytte notasjonane *ll* > *dl* og *nn* > *dn*. Derimot fangar ikkje dette opp heilskapen i den fonetiske prosessen det er tale om, der kombinasjonen av fleire segment er det sentrale.

I staden kan ein altså karakterisere *ll* > *dl* som ein ‘glide-epentese’, fonetisk motivert av ‘koartikulasjon’ av kort vokal og lateral, alternativt uttrykt som “ufullstendig motorisk koordinasjon i artikulasjonen” (Slethei 1996: 121). Overgangen frå vokal til lateral inneber eit raskt skifte til apikalt lukke med lateral opning, og sidan det apikale lukket kjem ørlite tidlegare enn den laterale opninga, blir resultatet ein [d] som eksploderer lateralt. Det fonetiske trekket apikalt lukke, som høyrer til lateralen, manifesterer seg dermed som eit innskote segment, men sidan vokalen syster å spele ei rolle her, kan det vere meir opplysnande å nytte notasjonen [Vl] > [Vdl].

Kloster-Jensens døme [vi:dl] (1964: 56, jf. ovanfor) synleggjer eit potensial som ligg i segmentkombinasjonen vokal og lateral. I dømet hans er likevel vokalen lang, og det høver ikkje med utviklinga i vestnorsk. Ser ein overgangen som resultat av “ufullstendig motorisk koordinasjon i artikulasjonsprosessene” (Slethei 1996: 121), er det likevel rimeleg å

hevde at potensialet var endå større ved kort vokal fordi tempoet gjer koordinasjonen meir krevjande.

Ei anna sak er det at verken den tradisjonelle eller den alternative notasjonen fangar opp det at ein innanfor vestnorsk har geografisk variasjon mellom former med opphavleg *ld* (t.d. gno. *kveldr*), altså *ll* (*kvell*, assimilasjon), *dl* (*kvedl*, segmentasjon) og *ld* (*kveld*, inga endring) (jf. Skjekkeland 1997: 118). Former med *ll* kan tyde på at assimilasjonen *ld* > *ll* førekom etter overgangen *ll* > *dl*, og at sistnemnde berre var produktiv i ein viss periode. Det siste tyder også innkomne lånord på, der opphavleg *ll* står ved lag, til dømes i ord som *jolle* og *kølle* (jf. Rundhovde 1964: 114, Bjørkum 1974: 115). Når det gjeld område med former som *kvedl*, tenkjer ein seg at ein der har fått assimilasjonen *ld* > *ll* før overgangen *ll* > *dl* slutta å vere produktiv (jf. Skjekkeland 1997: 118).

Det synest altså rimeleg å karakterisere overgangen *ll* > *dl* som ein fonetisk motivert prosess som fører til innskot av eit nytt segment mellom dei opphavlege segmenta. Denne vurderinga byggjer på forholda i moderne norsk talemål, og det kan vere spørsmål om den fonetiske kvaliteten til dei opphavlege segmenta på den tida overgangen skjedde. Hadde den vore kjend, kunne ein ha testa hypotesen med eksperiment, både artikulatorisk og perseptuelt. Legg ein til grunn at fonetisk motivasjon bør vere ein premiss for korleis ein beskriv overgangen, kan ein likevel hevde at epentese er eit betre alternativ enn segmentasjon, fordi sistnemnde framstår som uforklarleg, også ut ifrå det me må tru om norsk talemål i tidlegare tider. Epentesen framstår på si side som meir naturleg, nettopp fordi det synest å vere fonetiske forhold som kan fungere som *motiv*.

## 5 Nokre alternative forsøk på forklaring

### 5.1 Innleiing

Kva inneber det å skulle forstå lydendring med utgangspunkt i dei fonetiske forholda? Det å beskrive overgangen *ll* > *dl* som ein glide-epentese (jf. avsn. 4) – som ein følgje av ‘naturleg’ koartikulasjon – er å gjere greie for kva som skjer reint artikulatorisk og den fonetiske motivasjonen for dette. Desse fonetiske og fysiologiske aspekta er ikkje i seg sjølv forklarande, men snarare ei utdjuping av kvifor somme prosessar kan vere naturlege (jf. Lass 1984: 196–200, om ‘naturlegheit’ og ‘fonetisk motivasjon’).

Naturlegheita blir med det éin mogleg lekk i ei tenkt forklaring. Det som vidare trengst, er noko som forklarar kvifor det naturlege faktisk blir aktuert, altså kvifor det faktisk skjer – eller skjedde.

Forklaringsomgrepet i språkvitskapen har vore mykje diskutert, mellom anna av Roger Lass (1980, 1984, 1997). Lass blir kritisert for å innta ein positivistisk posisjon (Lass 1997: 332, Mæhlum 1999: 168) ved at han legg all vekt på naturvitskaplege, deduktiv-nomologiske forklaringar som inneber eit krav om at språkending skal kunne predikerast, for så å vise at det ikkje er mogleg. Noko forenkla meiner kritikarane at vegen ut av dette problemet er å bringe inn mennesket som tenkjande eller handlande individ, eller som Lass sjølv formulerer det: “[...] by trying to measure the treatment of ‘human action’ or ‘cognition’ or ‘semiosis’ against the criteria appropriate for an idealized, ‘Galilean’ (macro-)physics” (1997: 332). Ulike løysingar kan her tenkjast, til dømes det Mæhlum kallar eit “humanvitenskapelig alternativ” (1999:171), som for henne inneber “en langt sterkere integrering av ulike sosiolingvistiske perspektiver i den historiske språkvitenskapen” (1999: 201). Meir brukande for føremålet med denne artikkelen er nok Dyvik, som minner om at studieobjekta i humaniora er “menneskeskapte og meningsbærende” (1992: 5), og som samstundes argumenterer for at lingvistikken har god nytte av “forklaringer med dypere deduktiv struktur” (1992: 9), uten at det må implisere noka form for naturvitskapleg lovmessigheit. Det tenkjande og handlande mennesket kjem også godt til syne i tilnærmingar som utforskar kva for rolle kognisjon, persepsjon og produksjon kan ha å seie for aktivering av lydending (jf. t.d. Stevens & Harrington 2014). I det følgjande undersøker eg om og korleis innovasjonen *dl* kan forklarast innanfor nokre teoretiske perspektiv der *kognisjon* står sentralt, kombinert med fonetisk motiverte forhold.

## 5.2 Garmann 2010 om norske konsonantovergangar

### 5.2.1 Artikulatorisk fonologi: lydending som reduksjon og forskyving av gestar

Garmann (2010) analyserer ei rad konsonantovergangar i norsk i lys av ein teori kalla artikulatorisk fonologi (2010: 3f.). Hennar teoretiske utgangspunkt er at:

lydendringer skyldes at språkbrukerne gradvis forandrer artikulasjonen av de ordene som endrer seg, og at det hovedsakelig er to måter som artikulasjonen endrer seg på, nemlig gjennom *reduksjon* og *forskyvning* av gester. En gest kan defineres som en beskrivelse av hendelser som foregår i artikulasjonsapparatet når vi snakker.

Teorien, som i stor grad bygger på arbeida til Browman & Goldstein (m.a. 1991), har ein fonetisk basis. Dei abstrakte ‘gestane’ står her sentralt, i motsetnad til den meir tradisjonelle segment-inndelinga, og dei refererer direkte til den konkrete lydproduksjonen. Ein konsonant som til dømes [m] blir til ved hjelp av mellom anna ein velar gest spesifisert som ei opning, og i tilfelle der denne opninga får redusert durasjon, kan resultatet bli [b], jf. Garmanns analyse av overgangen *namn* > *nabn* (2010: 21). I tillegg til reduksjon og forskyvning reknar Garmann også med *forsterking* av gestar, som ein tredje endringsmåte. Denne inngår ikkje i Browman & Goldsteins teori, og Garmann (2010: 18) bygger då på Bybee (2001).

Garmann kritiserer tradisjonelle omgrep i norsk språkvitskap og argumenterer “for at artikulatorisk fonologi kan tilby en mer enhetlig forklaring på konsonantendringer i norsk” (2010: 10). Det eine poenget hennar er at teorien er enkel ved at ein berre reknar med eit fåtal endringsmåtar. Vidare meiner ho “forklaringsmodellen i artikulatorisk fonologi fokuserer mer på endringsprosessen enn på resultatet av en endring” (2010: 10). Dei tradisjonelle omgrepa ‘innskot’ og ‘segmentasjon’ er her særleg problematiske, sidan dei på ingen måte relaterer seg til korleis taleorgana blir brukte, ifølgje Garmann.

Men kvifor skjer endringane i dei artikulatoriske gestane? Garmann (2018: 18) forklarar det slik:

Innenfor artikulatorisk fonologi blir det nemlig antatt at når vi snakker fortere, har vi en tendens til å *redusere* innsnevringssgraden og/eller innsnevringstiden til hver gest, eller til å la gestene *overlappe* hverandre i større grad enn når vi snakker langsommere (Browman & Goldstein 1991: 323–324). Det er disse små justeringene i artikulasjonen som kan medføre mer permanente lydendringer.

Utgangspunktet for Browman & Goldstein er at mange av endringane først manifesterer seg i “casual speech” (1991: 323), slik at ein får synkron variasjon, artikulatorisk og akustisk. Derifrå tenkjer ein seg at perma-

nente eller regulære endringar kan kome til å oppstå på følgjande måte (1991: 325):

One possibility is that some speakers become attuned to particular instances of casual speech variation [...] and actually shift (slightly) the value of the constriction degree parameter (CD) for that gesture in that direction. [...] [This] could lead [...] to a systematic drift in this parameter value until a new stable value is reached [...] and, thus, an effective recategorization is achieved.

Hypotesen er her at artikulatoriske, akustiske og perseptuelle forhold spelar saman i ei 'drift' i retning av noko nytt, tilsynelatande på ein slags sjølvforsterkande måte. Hovudtanken synest å vere at språkbrukarane blir vande med små fonetiske 'glidingar', at dei gradvis gjer meir og meir ut av dei, og at dette i somme tilfelle blir systematiske driv mot nye språklege strukturar (fonologisering, rekategorisering el.l.). I tillegg er fleire av dei ulike scenarioa som blir skisserte, ganske komplekse. Mellom anna kan gestar vere artikulatorisk realiserte, samstundes som dei på grunn av auka overlapping eller gradert reduksjon ikkje er akustisk – og perseptuelt – til stades (Browman & Goldstein 1991: 326).

Artikulatorisk fonologi er først og fremst ein teori om synkrone forhold, om korleis fonetisk motiverte prosessar resulterer i synkrone variasjonar. Den kognitive komponenten blir berre omtalt overflatisk i Browman & Goldstein (1991), og dei er heller generelle på spørsmålet om korleis synkron variasjon blir til diakrone lydovergangar. Såleis er Garmanns analysar først og fremst deskriptive ved at den forklaringa dei tilbyr, berre beskriv kva som moglegvis skjer reint fonetisk. Men Garmann knyter også analysane sine til "kognitiv-lingvistiske teorier" (2010: 11), især Bybee (2001), som argumenterer for ein kombinasjon av kognitiv, bruks-basert lingvistik og artikulatorisk fonologi. Sentralt hos Bybee står *bruk* og *frekvens*, som dei fenomenen som motiverer og styrer lydendringar. Bruken, det vil seie dei faktiske fonetiske realisasjonane, er 'hendingar' som kan påverke brukarane kognitivt. Brukshyppigheita er avgjerande for kva for kognitivt nivå denne bruken kjem opp på, og høgfrequente realisasjonar har derfor større potensial for endring.

Lydendring deler Bybee inn i tre typar, ifølgje Garmann (2010: 4, jf. også Bybee 2001: 81f. og 94–95):


- 1) *artikulatorisk* motiverte endringar, som særlig forekommer i frekvente ord,
- 2) *analogisk* motiverte endringar, der mindre frekvente ord endrer seg basert

på frekvente mønstre, og 3) *akustisk* motiverte endringer, som treffer ikke-frekvente ord.

Dei artikulatork motiverte endringane reknar Bybee for den typiske, vanlegaste endringstypen, medan dei to andre typane er sporadiske eller sjeldne former for endring. Den analogiske typen er “a phonological generalization” som kan oppstå “from frequency distributions in the lexicon” (2001: 94). Akustisk motiverte endringer kallar Bybee “Perceptually Motivated Changes” (2001: 81), og ho synest å vere usikker på om dei finst i det heile. Ho går her imot Ohala (jf. 5.3), og hevdar det er lite truleg at vaksne personar vil endre språkbruken på grunnlag av “‘mishearing’ another speaker’s pronunciation” (2001: 81). Innvendinga gjeld først og fremst frekvente ord, medan det kan tenkjast at ikkje-frekvente ord kan bli endra på grunnlag av dei akustiske og perseptuelle forholda (jf. også drøftinga i Garmann 2008: 92ff.).

5.2.2 Overgangane *rl (> ll) > dl* og *ll > dl* som endringar i gestar

På grunnlag av artikulatork fonologi analyserer Garmann overgangen *ll > dl* som artikulatork motivert, nærare bestemt som ein reduksjon i tid, det vil seie som ei avkorting av durasjonen til “den laterale dorsale gester i [l] [...] slik at bare den laminale gester står igjen i en del av den ordmediale konsonantsekvensen” (2010: 20). Den laminale gester er eit lukke og resulterer i realisering av [d]. Dette illustrerer Garmann med infinitiven *kalla > kadla* som døme, jf. illustrasjon 2. Kanskje kunne ho ha definert den koronale gester som eit apikalt lukke (jf. avsn. 4), men det hadde ikkje gjort nokon skilnad i analysen. Fokus er her på artikula-



Illustrasjon 2: *kalla > kadla* (Garmann 2010: 20)

sjonen av det eine, bestemte segmentet [l], som på grunn av høgt tale-tempo blir noko ufullstendig artikulert, og som i akkurat dette tilfellet fører til at eit nytt segment gradvis veks fram.

Overgangen *rl* > *ll* må innanfor artikulatorisk fonologi truleg også analyserast som reduksjon i tid, jf. korleis Garmann (2010: 21f.) analyserer andre assimilasjonar, til dømes [land] > [lan]. I tilfellet [rl] blir durasjonen til den apikale koronale gesten i [r] forkorta, så mykje at han fell heilt bort.

Den alternative overgangen *rl* > *dl* må derimot vere ei forsterking i “innsnevringgrad”, om ein skal følge Garmanns analyse av den liknande dissimilasjonen *rn* > *dn* som “en forsterkning fra en vibrant til en plosiv” (s. 32). På parallelt vis blir den apikale koronale gesten i [rl], spesifisert som ein vibrant eller tapp, forsterka, og resultatet blir også her ein plosiv. Dette skjer ordmedialt og -finalt, og Garmann argumenterer for at fleire norske konsonantovergangar av typen forsterking nettopp gjeld desse posisjonane (s. 31ff.), trass i Bybees (2001: 79ff.) argumentasjon for at denne endringstypen er konsentrert om overgangar i byrjinga av ord. Når det gjeld analysen av *rn* > *dn*, kan ein spørje seg om ikkje Garmann også burde drøfta den moglege utviklingskjeda *rn* > *nn* > *dn*. Førstesteget inneber då reduksjon med bortfall av apikal koronal gest, dvs. at [r] fell bort. Deretter får den opne velare gesten i [n] avkorta durasjon slik at den laminale koronale gesten står att og dannar [d]. Garmann taler sjølv for enkelheit og få kategoriar, og med dette analysealternativet ville ho redusert noko på omfanget av den tredje kategorien forsterking, som hos Bybee altså framstår som eit heller uvisst fenomen.

Alle desse ulike analysealternativa impliserer at endringane er artikulatorisk motiverte, og at dei med det førekom i frekvente ord. For opphavleg *ll* verkar nok det rimeleg, jf. t.d. ord som *alle*, *fjell*, *kalle*. Derimot var det i eldre tid heller få ord med det opphavlege konsonantsambandet *rl*. Dei to gno. substantiva *karl* (m.) og *kerling* (f.) var nok ganske frekvente, men faktisk har nettopp desse to unngått overgangen til *dl* i store delar av innovasjonsområdet (Skjekkeland 1997: 115f.). I staden er det gjerne i nokre personnamn ein finn overgangen dokumentert, t.d. i *Erlend*, *Erling*, *Torleiv* (jf. Bjørkum 1974: 112, Skjekkeland 1997: 116) og i nokre gardsnamn. Sjølv om desse namna kan ha vore frekvente i somme miljø, er det vel problematisk å skulle hevde at nettopp namn skulle bli råka av ‘avvikande’ forhold i ‘casual speech’ når ikkje andre, frekvente ord blei det.



Alternativa til artikulatorisk motiverte endringar er altså dei analogisk eller akustisk motiverte. Garmann har i si avhandling frå 2008 drøfta desse to endringsgruppene, med referanse til Bybee (2001) og til andre. Som Bybee vurderer ho dei akustisk motiverte som heller tentative og usikre (2008: 92ff.), medan dei analogiske endringane blir sedde på som eit mindre vanleg, men reelt alternativ. Garmann konkluderer med at slike endringar må sjåast på som “a high type frequency pattern with low token frequency words being affected first” (2008: 68). Med ‘type frequency’ siktar ein til mengda av ord innanfor ein bestemt kategori, til dømes ord innan ein bestemt klasse eller ord med eit særskilt fonotaktisk mønster. Når det gjeld hyppigheita av eit ord innanfor eit korpus, altså mengda belegg, talar ein derimot om ‘token frequency’ (Garmann 2008: 61f.). Med dette kunne ein tenkje seg overgangen *rl* > *ll* som analogisk, forklart slik: Basis for analogien, [l] etter kort vokal, var ‘a high type frequency pattern’, medan *rl* var det motsette, og orda som blei råka, hadde kanskje låg ‘token frequency’ (eitt problem er kva som gjeld for personnamn og stadnamn her). Derimot blei ord med høg ‘token frequency’, især gno. *karl* (m.) og *kerling* (f.), berre delvis råka. Spørsmålet om frekvens er altså vanskeleg, og i denne samanhengen vil det neppe vere svar å finne i korpus, sidan belegga på *dl*-skrivemåtar er få og sporadiske (jf. Røsstad 2011). Ettersom Garmann byggjer på Bybees forståing og bruk av artikulatorisk fonologi, hadde det likevel vore i tråd med dette teorigrunnlaget å trekke inn analogi og frekvens i drøftinga av fleire av dei overgangane ho analyserer.

For å oppsummere: For alle overgangane *rl* > *ll*, *rl* > *dl* og *ll* > *dl* kan ein innanfor artikulatorisk fonologi tenkje seg artikulatoriske forhold som basis for endring, men dei to førstnemnde blir problematiske når ein knyter analysane til Bybees bruksbaserte lingvistik, fordi frekvens- og bruksmønsteret ikkje høver så godt for å forklare dei som artikulatorisk motiverte endringar. Vidare gjer frekvens og bruk det også vanskeleg å forstå *rl* > *ll* som analogisk motivert. Medan *ll* > *dl* framstår som ei nokså regulær endring, synest *rl* (> *ll*) > *dl* å vere lite systematisk gjennomført, og dessutan marginal sidan overgangen berre råka eit fåtal ord. Ein teori om språkending bør sjølvsagt også kunne ta seg av det irregulære og marginale, og innvendingar om bruk og frekvens synest i dette tilfellet som relevante motargument. I tillegg hefter det stor usikkerheit ved korleis endringane gjekk føre seg, sidan mykje av mønsteret i overgangane er lite synleg i kjeldene (jf. Røsstad 2011).

5.3 John J. Ohala: *Lydendringar skjer fordi lyttaren 'feilkorrigerer'*

## 5.3.1 Hypokorreksjon og hyperkorreksjon

I John J. Ohalas teori om korleis lydendring skjer, er det *lyttaren* som spelar den sentrale rolla. Teorien er presentert i ulike samanhengar (1989, 1993a, 1993b, 2003), meir og mindre fullstendig, og her er berre rom for eit kort riss av han. Ohala argumenterer for at endringar kan forklarast ut ifrå fonetiske forhold og dei rollene både talaren og altså lyttaren har i endringsprosessen. Ifølgje teorien er mange potensielle lydendringar til stades som synkron og naturleg variasjon i språket, fordi “[...] the speech signal will vary if the effect of the physical constraints vary – as they will with rate and loudness of speech etc.” (1989: 176). Dette viser data frå instrumentell fonetikk, og den synkrone variasjonen er då talarens ‘bidrag’ til endringane. Som oftast blir variasjonen likevel ikkje til lydendring, fordi han blir korrigerert eller ‘normalisert’ av lyttaren; Ohala taler om at “[...] perceptual correction of the speech signal by listeners serves to *prevent* sound change” (1993b: 245), trass i den store variasjonen i dette signalet. Diakron lydendring skjer – eller kan skje – når noko ‘går gale’ med korrigeringa, det vil seie når lyttaren gjer det som Ohala kallar for *hypokorreksjon*. Ved hypokorrigering normaliserer ikkje lyttaren det ‘forstyrra’ lydssignalet, men oppfatar det i staden som “at face value” (s. 246). Slik kan det som ikkje er norma, bli oppfatta som den korrekte uttalenorma, og lydendring skjer i dei tilfella ei slik oppfatning spreier seg blant menneske som deler den same norma. Lydssignalet kan likevel vere ‘forstyrra’ også på ein annan måte, ved at lyttaren kan ha vanskeleg for å skilje akustisk like lydar, noko som også kan føre til feilkorrigering. Dette reknar Ohala som ein variant av hypokorreksjon (s. 258).

Dei mest typiske døma på hypokorrigering er assimilasjonar, eller *assimilative lydendringar*, som Ohala (2003: 677) også kallar dei. Mange assimilasjonar kan då ha utgangspunkt i faktisk produserte variantar i språksamfunna. Desse omtaler Ohala (1993a) også som tilfelle av *koartikulasjon*, det vil seie avvikande variantar som oppstår som følge av mekaniske forhold ved produksjonen av lydsegment etter kvarandre. Her kan ein mellom anna tale om variantar med ein ‘lettare’ artikulasjon. Dette gjeld til dømes nasalering av vokalar som ligg nær nasale konsonantar, og vokalharmoni (2003: 677). Derimot er det meir usikkert om visse andre assimilative overgangar verkeleg startar i faktisk produserte variantar, mellom anna konsonantsamband der det første segmentet får

assimilasjon av artikulasjonsstad. Ifølgje Ohala tyder data på at desse overgangane “owe more to acoustic-auditory factors than to articulatory” (1993a: 159), altså at lyttaren høyrer ein assimilasjon som faktisk ikkje er der.

Den andre hovudkategorien av feilkorrigeringar som kan føre til lydending, kallar Ohala for *hyperkorreksjon*, og denne kategorien er typisk for *dissimilative* endringar, altså dissimilasjonar (2003: 677). Det som skjer her, er at lyttaren oppfattar noko korrekt som gale, det vil seie at han faktisk høyrer det som blir uttalt, men trur at det er ein ‘galen’ koartikulasjon, og basert på det han veit om kva som er vanleg og normalt, rettar han denne til noko heilt nytt. Slik kan ‘unaturlege’ endringar, som dissimilasjonar synest å vere, oppstå. Ohalas (1989: 188) mest omtalte døme er frå slavisk, der ein fremre vokal [a] blir til ein bakre [ɑ] når han kjem nær ein palatal eller palatalisert konsonant, noko som er det rakt motsette av det ein skulle tru. Og nettopp i dei banane har då lyttaren også ‘tenkt’, seier Ohala; kombinasjonen av den fremre vokalen og det etterfølgjande palatale segmentet er blitt misoppfatta som koartikulasjon. Følgjeleg er vokalen blitt korrigerert, først perseptuelt, sidan praktisert i lyttarens eigen språkbruk. Derfor er det også slik at dissimilasjonar ikkje fører til nye lydsegment (verken nye kontrastar eller lydsekvensar), sidan korreksjonen går i retning av noko som allereie er kjent i språket (2003: 679f.).

For at denne teorien skal vere eit godt alternativ til forklaring av korleis mange lydendingar oppstår, må ein leggje til grunn eit heilt fundamentalt vilkår, ifølgje Ohala (1993b: 259):

First, one of the overriding constraints is that sound changes due to hypercorrection are those which are consistent with known properties of the speech production mechanism. That is, in an ideal case, one would have empirically based theories or models of speech production [...]

I historisk lingvistik har ein lite moglegheit for empirisk testing, om ikkje anna enn indirekte og med store atterhald. For å kunne påstå at visse variantar (av ‘forstyrre signal’-typen) har utgjort ein sentral del av eit språksamfunns synkrone variasjon, må ein då kunne sannsynleggjere det ut ifrå annan empiri og det ein elles veit om taleproduksjon reint allment. Sjølv står Ohala att med nokre typar av lydovergangar som han ikkje utan vidare inkluderer i teorien, men som han trur kan tenkjast om

på same viset. Det gjeld mellom anna epentese av konsonantar, som i mange tilfelle kan “[...] be accounted for in terms of fortuitous overlap or coarticulation of both of two articulatory “valves” which are separately associated with the production of two adjacent segments” (2003: 681). Eitt døme er [ls] > [lts] der ‘ventilen’ (jf. “valves”) til det første segmentet [l] er “tongue-palate contact at the midline but no contact at at least one side”, medan ‘ventilen’ til det andre segmentet [s] er det motsette: “tongue-palate contact at both sides but not at the midline” (s.st.). I artikulasjonen kan desse to ‘ventilane’ eller kontaktflatane kome til å overlappe ved koartikulasjon slik at ein får ein plosiv. Dersom dette er tilfellet, får altså talespråket ein synkron variant [lts] som gjennom hypokorreksjon blir til diakron endring.

Junggrammatikken kan mellom anna kritisierast for å utelate språkbrukarane og den rolla dei spelar i endringsprosessen, og Ohalas teori kan sjåast på som eit forsøk på å bøte på denne mangelen. Ifølgje teorien skjer ikkje lydendringar av seg sjølve, men er avhengige av språkbrukarane og deira produksjon og persepsjon av det talte språket. Det grammatiske nivået kjem først inn når lyttaren feilkorrigerer og baserer eige talemål på dette. Då er det tale om ei *fonologisering* av variantane (1993a: 162). Det som spelar ei rolle i forklaringa, er dermed forhold som ligg utanfor eksplanandum-omenet (jf. Faarlund 1987: 18f.), på den eine sida det fysiologiske og det faktisk talte språket (‘parole’), og på den andre sida auditive og perseptuelle forhold. Sjølv understrekar Ohala at han er “primarily concerned with the preconditions for sound changes, not their actual trigger [...]” (1993b: 238). Han pretenderer ikkje å gjere greie for kvifor ei bestemt endring skjer i eit bestemt språksamfunn på ei bestemt tid, og derfor er spørsmål om den einskilde aktueringa av lydendringar gjerne “unanswerable and not worth pursuing” (2003: 685). Derimot forklarar teorien *korleis* ‘aktueringa’ kan gå føre seg, og gjennom empiriske forsøk kan ein finne fram til dei vilkåra som gjeld for at dette skal kunne skje. Somme potensielle endringar er heile tida til stades som synkrone variantar i språksamfunna. Dette kan vere assimilasjonar, og når dei blir fonologiserte, gjev det eit *inntrykk* av at overgangen skjer fordi uttalen er ‘lettare’. Dette er likevel ei feilslutning; variantane finst kanskje fordi artikulasjonen av dei er ‘lettare’, men fonologiseringa skjer fordi lyttarane går over til å oppfatte variantane som normale og ‘korrekte’. Lydendring er derfor ikkje mekanisk-vilkårlege overgangar, men “parsing errors”. Overgangane er likevel vilkårlege på den måten at dei ikkje har noko mål

eller noka retning, og endringane er derfor ikkje-teleologiske (2003: 683f.).

### 5.3.2 Overgangane $rl (> ll) > dl$ og $ll > dl$ som ‘feilkorrigeringar’

Den beinveges overgangen  $rl > dl$  kan – om me føreset at han verkeleg har skjedd – forståast på to ulike vis, ifølgje Ohalas teori. For det første kan han sjåast på som ein dissimilasjon. I så fall er overgangen ein hyperkorreksjon, som ifølgje Ohala inneber at kombinasjonen av segmenta [r] og [l] er blitt misoppfatta som koartikulasjon, det vil seie at lyttaren har ‘trudd’ at talaren har forsøkt å produsere ein annan, kjend segmentkombinasjon. Sidan dissimilasjonar ifølgje teorien ikkje fører til nye lydsegment, ville dette berre vere mogleg dersom overgangen  $ll > dl$  allereie var etablert i talemålet, og då synest det som eit tenkjeleg scenario. Slik representerer Ohalas teori ei alternativ forklaring til korleis det ein har rekna som ‘fonetisk analogi’, går føre seg. At kombinasjonen  $rl$  var lite frekvent, tener også som argument for denne forklaringa, sidan det kan ha gjort lyttarane mindre sikre på kva som var ‘normalt’.

Alternativt kunne ein sjå overgangen som ein slags hypokorreksjon som ei følgje av at dei to segmenta  $r$  og  $d$  har vore akustisk like for lyttaren. Det gjeld helst om  $r$  har vore realisert som ein flikk (jf. avsn. 4), sidan det kan ha gjort han meir lik plosiven [d]. Scenarioet inneber at lyttaren faktisk har trudd at segmentkombinasjonen  $dl$  var det som blei artikulert, og også då skulle ein tru at det var ein kombinasjon som allereie fanst i talespråket; forklaringa synest i alle fall mindre plausibel dersom denne typen ‘misparsing’ skulle vere opphav til noko heilt nytt.

Den alternative endringsprosessen  $rl > ll > dl$  kan reknast som like sannsynleg som den beinveges  $rl > dl$ . Førstesteget  $rl > ll$  er ein assimilasjon, som ifølgje Ohala skuldast hypokorreksjon, på grunnlag av at det anten har vore synkron variasjon mellom ny og gammal variant på grunn av koartikulasjon, eller fordi dei to segmenta i den opphavlege lydstrukturen har vore akustisk like for lyttaren. Her må vurderinga bli usikker; sidan me ikkje har noka presis beskriving av dei to segmenta, blir det lett tru og tvil. Dersom overgangen inneber ein assimilasjon av artikulasjonsstad, meiner Ohala det peiker i ei anna retning enn koartikulasjon. Her argumenterer han også for at koartikulasjon helst burde føre til assimilasjon av det andre segmentet, på grunn av energifordelinga i taleproduksjonen som talar for “greater motivation to change to less effortful articulations later rather than earlier in an utterance”

(1993a: 159). Når derimot det første segmentet blir assimilert, framstår overgangen som noko 'unormal', og derfor kan det vere at assimilasjonen heller har opphav i at segmenta har vore akustisk like for lyttaren. Resultatet er likevel det same.

I forhold til Ohalas teori synest overgangen  $ll > dl$  som den mest utfordrande, sidan endringa verken er ein assimilasjon eller ein dissimilasjon (dersom ein ser bort ifrå ideen om ei opphavleg 'geminert' realisering av lateralen, jf. avsn. 4). I staden inneber endringa at eit nytt segment blir realisert, og at det oppstår ein heilt ny segmentkombinasjon. For å få dette innpassa i teorien, må hypotesen bli at overgangen har opphav i ei form for koartikulasjon, det vil seie ein fonetisk prosess som har gjeve synkron variasjon mellom ulike variantar. Dette er føresetnaden for at språkbrukarar på eit eller anna tidspunkt så har feilkorrigert (hypokorrigert) og teke den 'galne' varianten som 'at face value'. I avsn. 4 synte eg korleis overgangen  $ll > dl$  kan beskrivast som ein slik fonetisk prosess i form av ein epentese basert på fonetisk funderte vurderingar og på det at overgangen då framstår som meir 'naturleg'. Denne tankegangen er i tråd med det sporet Ohala har arbeidd etter når det gjeld lydendringar som ikkje kan reknast som assimilasjonar eller dissimilasjonar (jf. 5.3.1). Han argumenterer for at ei rad epentesar bør kunne forståast i lys av koartikulasjon, og har då konsentrert seg særleg om framveksten av plosivar i segmentstrukturar med konsonantar, til dømes [ls] > [lts] (2003: 681f.). Tradisjonelt har desse plosiv-innskota vore sedde på som resultat av ein slags reparasjonsmekanisme ved problematisk fonotaks. Ohala går imot dette synet og argumenterer for at plosivane har opphav i dei fonetiske segmenta som dei har rundt seg. Og derfor er dei ikkje eigentlege 'innskot', men snarare 'emergente', som han kallar dei. Ideelt krevst det eksperimentelle forsøk for å godtgjere at denne typen overgangar kan vere fonetiske prosessar, men uvissa om den historiske, fonetiske kvaliteten vil like fullt vere eit problem, og det vil uansett resultat hefte usikkerheit ved slike hypotetiske forsøk.

#### 5.4 Kva blir forklart?

Teoriar som kombinerer fonetiske og kognitive forhold, framstår som forvitnelege forsøk på å forklare korleis lydendringar kan bli initierte. Menneskeleg kognisjon, kombinert med sosiale omstende, gjer endringane til prosessar som ikkje er lovmessige eller mekaniske; endringar kan kome til å skje eller dei kan utebli, avhengig av kva som skjer *i* og

*mellom* dei menneska som bruker språket. På same viset er analogi ikkje språkinterne, strukturelle prosessar som skjer av seg sjølve, men *kognitive* prosessar som blir stimulert av språkstrukturelle forhold. Med dette blir explanandum og explanans plasserte i ulike domene (jf. Faarlund 1987: 18f.), og ein unngår den kritikken som har vore så vanleg å rette mot dei klassiske strukturelle forklaringane. I dette perspektivet er det heller ikkje noko ‘gale’ ved språkstrukturen; det er ikkje noko som må ‘repareras’.

Sentralt i artikulatorisk fonologi er det at variasjonen og dei nye variantane som gjev grunnlag for dei fleste lydendringar, oppstår i ‘casual speech’. Dei potensielt nye variantane blir forma av dei fysiologiske forholda i lydrealiseringa, og dermed er dei i éi meining naturlege sider ved talespråk, nærast biologisk-mekaniske, jf. Bybee, som omtaler dei fonetiske prosessane som “recurrent neuro-motor patterns of articulation” (2001: 67). Det skal i prinsippet vere mogleg å beskrive denne fonetiske variasjonen i detalj, eller i alle fall lansere hypotesar om han, når det gjeld fortidig, diakron variasjon. Treng ein då ei abstrakt beskriving av desse prosessane, med ein taksonomi for dei, og kva fortel eigentleg geste-rørs-lene oss om prosessane? Bybee (2001: 71) peiker på at sjølv om lingvistar er merksame på korleis talestraumen er “continuous”, så er terminologien ofte svært fokusert på segment og trekk (“features”). Mellom anna er det vanleg å omtale assimilasjon som stryking av ein lyd, og som tilfelle der lydar blir likare einannan ved at trekk blir tekne opp frå omkringinggjande lydar. Det kontinuerlege ved talestraumen kan betre beskrivast med gestar, forstått som sekvensielle og overlappende artikulatoriske hendingar, såkalla “events”, ifølgje Bybee (2001: 70).

Garmanns analyse av overgangen *ll > dl* (jf. 5.2.2) fortel enkelt og likefram at éin av gestane i ein gno. [l] får avkorta durasjon. Det er ei reint deskriptiv (og abstrahert) konstatering, og Garmann har då ikkje presisert kva for posisjonar og segmentkombinasjonar endringa gjeld. På den andre sida er heller ikkje analysen i gestar retta mot det, men ifølgje Garmann (2010: 21) er det likevel meir ved analysen enn berre beskriving av eit resultat:

Det blir også en analyse av endringsprosessen som innebærer at det ikke blir tilfeldig hvilke lyder den ene lyden segmenteres i, eller hvilke lyder som skytes inn: Dersom den dorsale gester forkortes og ingen andre gester endres, er følgen av den laminal gester en [d].

Altså kan ein ved hjelp av spesifikasjonane i geste-system (t.d. at laminale koronale gestar berre kan ha innsnevringsgradane frikativitet og lukking, jf. Garmann 2010: 17), vise både at og korleis det ikkje er tilfeldig kva for segment som blir resultatet av endringar i ein av gestane for til dømes gno. [l]. Så lenge geste-systemet fangar opp alle moglege lydovergangar, er det altså eigna til å beskrive delar av ein prosess. Det er derimot ikkje mogleg å *sjå* det fysiologisk-naturlege (eller nevro-motoriske) i denne prosessen, for analysen er utelukkande fokusert på det isolerte segmentet, og det er lite opplagt at det skulle vere noko ved [l] i seg sjølv, uansett kvalitet, som stimulerer til avkorta durasjon av ein gest. Slik sett framstår overgangen  $ll > dl$  som like gåtefull som før, bortsett frå det at ein abstrakt taksonomi fortel at når noko først skjer med [l], så er [dl] eit vanlegare resultat enn til dømes [bl]. Dette blir litt i retning av å slå fast at ei biljardkule rullar, og på grunn av eigenskapar ved kula (t.d. forskuva tyngdepunkt) er det ikkje tilfeldig at ho rullar mot venstre i staden for høgre. Kvifor kula rullar, veit me stadig ikkje noko om. Kanskje må ein seie seg nøgd med denne beskrivinga, med tanke på at sjølve forklaringa på lydendringa skal koplast til dei kognitive forholda. Kva som har påverka den reduserte durasjonen for ein gest i akkurat dette tilfellet, er kanskje også mindre interessant, og sidan me ikkje kjenner den fonetiske kvaliteten til gno. [l] i detalj, kan det vere utfordrande å finne ut av.

Når det er sagt, er det med Garmanns analysemåte altså også utfordrande å kople somme av dei aktuelle lydendringane til det kognitive feltet, der frekvens- og bruksmønsteret står sentralt. Rett nok gjeld det dei meir marginale endringane, men ein kan også merke seg at teorien føreset at  $ll > dl$  er ein uavhengig overgang, og truleg ein føresetnad for den meir irregulære  $rl (> ll) > dl$ . Det siste gjeld også ifølgje Ohalas teori, der  $ll > dl$  (forstått som ein epentese) må reknast som ein 'uavhengig' overgang på line med assimilative lydendringar. Det inneber vidare at overgangen  $rl > dl$  anten har gått vegen om  $ll$  (ved assimilasjon), eller direkte (ved dissimilasjon), men då først etter at  $ll > dl$  hadde skjedd.

Tilnærminga til Ohala er særleg interessant i det at ho gjer greie for kvifor somme lydendringar *framstår* som 'naturlege' og andre som 'unaturlege', og som i artikulatorisk fonologi er det også her tale om at potensielle endringar – rett nok ikkje alle – er til stades i språket som synkron variasjon. Ohalas utgangspunkt er det fonetiske nivået, det vil seie at den synkrona variasjonen kan forklarast fonetisk, og at det vidare



bør vere mogleg å prøve ut hypotesar om han. Ein kan teste artikulatiske og akustiske fenomen, men det er vel så aktuelt å teste persepsjonen av det som blir produsert. Når det gjeld fortidig lydproduksjon, er sjølv sagt ikkje persepsjonstesting mogleg, så tanken må vere å få best mogleg kunnskap om notidige forhold, som så kan vere gode utgangspunkt for hypotesar om fortida.

Ohalas teori er meir konkret og spesifikk på korleis dei kognitive forholda kan føre til lydendring. Det gjer teorien meir enkel og forståeleg, men også meir utsett for kritikk, motargument og utfordrande empiri (jf. t.d. Bye 2011). Teorien er heller ikkje eineståande, det finst ymse liknande tilnærmingar som tek utgangspunkt i koplinga mellom synkron variasjon, persepsjon og kognisjon i forståinga av korleis lydendingar blir initierte (jf. Stevens & Harrington 2014).

### 5.5 Overgangen *ll* > *dl* som ein epentese?

Garmann meiner at artikulatorisk fonologi og hennar analyse på ein betre måte synleggjer lydendingane som fonetiske *prosessar* (2010: 36). Det er då nærliggjande å hevde at det prosessuelle er vel så tydeleg i den analysen av *ll* > *dl* som er argumentert for i avsn. 4, der overgangen er rekna som ein ‘epentese’ med notasjonen [Vl] > [Vdl]. Denne analysen, som dels byggjer på Slethei (1996), synleggjer ein prosess som er motivert av ein særskilt segment- og tilhøyrande trekk-kombinasjon der skiftet frå vokal til lateral får følgjer i form av koartikulasjon. Eit liknande prosessperspektiv ser me også i Kristján Árnasons (2005) drøfting av *ll* > *dl* som ‘tvilyding’ (jf. avsn. 3) og meir overordna i både Lass’ (1984) og Hocks (1991) handsaming av ‘segmentalization’, som ein særleg type epentese (jf. avsn. 4).

Sjølv om heller ikkje epentese forklarar lydendinga fullt ut, viser analysen på ein meir konkret måte kvifor denne ‘gåtefulle’ overgangen er like så ‘naturleg’ som mange andre. Analysen synleggjer ikkje berre kvifor [dl] er eit rimeleg resultat av koartikulasjon, men også kvifor og korleis koartikulasjonen kan ha vore naturleg til stades i synkron variasjon, såkalla ‘casual speech’. I norsk dialektologi har ein i alle år nytta omgrepa ‘segmentering’ og ‘segmentasjon’, og Garmann har rett i at slike omgrep seier lite om prosessen. Overgangstypen har vore forstått som ei segment-splitting og nesten litt mystisk. Sandøy skriv om “*eitt* (langt) *segment* som er gått over til *to*” (1985: 188), og Skjekkeland at “eit langt fonem deler seg i *to*” (1997: 88). Denne forståinga ligg på sett og vis også

i notasjonen  $ll > dl$  (som i mangel av noko godt, velkjent alternativ også er nytta i denne artikkelen). Dersom ein ser på overgangen som ein epentese, som følge av koartikulasjon, er det likevel ingen grunn til å lokalisere opphavet til det nye segmentet i lateralen aleine. At lateralen så får redusert durasjon, er i neste omgang berre ei naturleg følge av dei kvantitetsstrukturane som gjeld i norsk talemål.

Ved sida av  $ll > dl$  har ein rekna overgangane  $nm > dn$  og  $m > bm$  som andre typiske døme på segmentasjon i norsk talemål, eksemplifiserte med *steinn* m.  $>$  *steidn*, *koma* v.  $>$  *kåbma* (Christiansen 1946–48: 169, Skjekkeland 1997: 88, hans døme). Også desse kan beskrivast som epentesar, jf. Slethei (1996: 121) som forklarar  $nm > dn$  (*steinn*  $>$  *steidn*) slik:

Overgangen fra diftong til nasal [...] består av to prosesser som bør skje samtidig: Apex skal danne kontakt med alveoli samtidig som velum skal senkes. Hvis det orale trykket dannes før velum senkes, vil det oppstå et intraoralt lufttrykk bak lukket ved alveoli. Dette lufttrykket blir frigjort ved å senke velum, og dermed har vi de artikulatoriske betingelsene for en plosiv med nasal eksplosjon.

På same måten får me nasal eksplosjon som resultat ved  $(m)m > bm$ , men med eit labialt lukke som altså resulterer i ein [b]. Også her reknar ein lang konsonantisme som utgangspunkt, t.d. som i gno. *skamma* v. (Rundhovde 1964: 119), noko som føreset lenging av konsonanten før overgangen skjedde, noko Christiansen (1946–48: 169) også fører opp som døme: “*kåbma* v. ( $<$  *kåmma*)  $<$  *koma*”.

Fonetiske analysar som viser korleis fysiologiske forhold kan føre til koartikulasjon, synleggjer (verkelege og tenkjelege) fysiske prosessar, og det naturlege ved desse. At noko er ‘naturleg’, tyder ikkje utan vidare ‘ease of articulation’, men at det er normalt at det førekjem. Og dette godtgjer så moglegheita for synkron variasjon og at alternative variantar har vore til stades i ‘casual speech’. Det same kan knapt seiast om alle analysane Garmann gjer, og i tilfellet  $ll > dl$  er det svært tydeleg, for det er vanskeleg å sjå det naturlege i at ein av gestane blir forkorta. Eksperimentell fonetikk kunne kanskje vist at det likevel er slik, men då kunne ein vel så gjerne ta det til inntekt for hypotesen om koartikulasjon.

## 6 Avrunding

Mæhlum (1999: 211) avgrensar “ulike biologiske og fysiologiske komponenter” til å vere “strukturelle rammer og begrensningar” for det å forklare språkendringar. Det er uklart kvar ho plasserer kognitive prosessar i denne samanhengen, men sidan ho berre argumenterer for sosiolingvistiske tilnærmingar, er truleg kognisjonen rekna som lite prominent. Det er sjølvsagt rett at biologiske, kognitive og fonetiske forhold ikkje kan forklare at ei bestemt språkending fann stad på ein bestemt stad på eit bestemt tidspunkt, og så spesifikke forklaringar har helst sosiolingvistikken også vanskar med. Derimot aspirerer teoriar som kombinerer fonetiske forhold og kognitive prosessar, til å forklare *korleis* språkendingar har gått føre seg på eit meir generalisert nivå, eller kanskje snarere til å formulere hypotesar om dette og så teste desse hypotesane. Det er å strekke seg mot meir innsikt og forståing, mot noko meir enn det Dyvik kallar “forholdsviis ‘blodfattige’ forklaringar basert på deskriptive generaliseringar” (1992: 9). Så skal det sjølvsagt også vere mogleg å falsifisere og tilbakevise slike forklaringar, sjølv om dei ikkje dreier seg om naturvitskap og naturlover.

Felles for dei to teoretiske rammeverka som er undersøkte ovanfor, er at dei forsøker å forklare kva som skjer før og i startfasen av lydendingar. Det sentrale utgangspunktet er den synkrone, fonetiske variasjonen som er naturleg til stades i talespråket, men like sentral er den kognitive prosesseringa som drar innovasjonen i gang, og som resulterer i ei kognitiv omtolking, fonologisering og nye normer. Såleis er det tale om forsøk på å forklare *korleis* lydendingar oppstår og kan bli implementerte i språkssystemet, jf. Kiparsky (2003: 330), som seier det slik:

Sound change can be assumed to originate through synchronic variation in the production, perception, and acquisition of language, from where it is internalized by language learners as part of their phonological system.

Det tykkjest særleg utfordrande å finne fram til *korleis* den kognitive prosesseringa verkar, ikkje minst ser me det i møtet med den vestnorske innovasjonen *dl*. Overgangen synest å vere resultat av ein kompleks og mangesidig prosess, sjølv om det fonetiske utgangspunktet for han ikkje treng vere så vanskeleg å forstå.

**Litteratur**

- Bakken, Kristin. 2001. "Fokk og fjødd – om utviklingen av gno. / i Vest-Telemark." *Maal og Minne* hefte 2, 183–209.
- Bjørkum, Andreas. 1974. *Generasjonsskilnad i indresognsmål. Talemålet i industribygdi Årdal og dei fire næraste jordbruksbygdene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Browman, Catherine & Goldstein, Louis. 1991. "Gestural Structures. Distinctiveness, Phonological Processes, and Historical Change." I: *Modularity and the motor theory of speech perception*, eds. Ignatius G. Mattingly & Michael Studdert-Kennedy, 313–339. Hillsdale, New Jersey, Hove & London: Lawrence Erlbaum Associates.
- Bybee, Joan. 2001. *Phonology and Language Use*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Bye, Patrik. 2011. "Dissimilation." I: *The Blackwell companion to phonology*, Vol 3, ed. Marc van Oostendorp et al., 1408–1433. Wiley-Blackwell.
- Chapman, Kenneth G. 1962. *Icelandic-Norwegian Linguistic Relationships*. Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskab, suppl. bind VII. Oslo: Universitetsforlaget.
- Christiansen, Hallfrid. 1946–48. *Norske dialekter I–III*. Oslo: Tanum.
- Dyvik, Helge. 1992. *To forelesninger om lingvistikkens vitenskapsteori*. Bergen: Universitetet i Bergen, Institutt for fonetikk og lingvistikk.
- Endresen, Rolf Theil. 1991. *Fonetikk og fonologi. Ei elementær innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Faarlund, Jan Terje. 1987. "Om beskriving og forklaring i lingvistisk teori." *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 5 (1), 13–28.
- Garmann, Nina Gram. 2008. *The Quantity Shift. A Cognitive Usage-Based Analysis of the Quantity Shift in East Norwegian with Data from Old Norse and North Gudbrandsdal*. Oslo: University of Oslo, Faculty of Humanities.
- . 2010. "Konsonantendringer i norsk." *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 28 (1), 3–41.
- Hall, Tracy Allan. 2009. "Liquid Dissimilation in Bavarian German." *Journal of Germanic Linguistics* 21 (1), 1–36.
- Hamann, Silke. 2005. "The diachronic emergence of retroflex segments in three languages." *LINK, Tijdschrift voor linguïstiek te Utrecht* 15 (1), 29–48.

- Harris, John. 1994. *English Sound Structure*. Blackwell: Oxford.
- Haugen, Odd Einar. 1993. *Grunnbok i norrønt språk*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Heide, Eldar. 2010. "Retroflektert tydeleggjering av kort kvalitet. Om kvalitetskløyvinga av det gamle kvantitetssystemet." *Maal og Minne* hefte 1, 3–44.
- Hock, Hans Henrich. 1991. *Principles of historical linguistics*. 2<sup>nd</sup> rev. ed. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Hoff, Ingeborg. 1978. "Regressiv og progressiv konsonantassimilasjon i norsk." I: *På leit etter ord. Heidersskrift til Inger Frøyset frå medarbeidarar og studentar*, red. Ingeborg Hoff, 117–163. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hreinn Benediktsson. 1963. [Bokmelding av Chapman 1962]. *Ízlensk Tunga – Lingua Islandica* 4, 152–162.
- Höskuldur Thráinsson et al. 2004. *Faroese. An Overview and Reference Grammar*. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- Kiparsky, Paul. 2003. "The Phonological Basis of Sound Change." I: *The Handbook of Historical Linguistics*, eds. Brian D. Joseph & Richard D. Janda, 313–342. Malden, Mass.: Blackwell.
- Kjartan Ottosson. 2003. "Heimenorsk innverknad på islandsk språk i mellomalderen, særleg i morfologien." I: *Útnorður. West Nordic Standardisation and Variation*, ed. Kristján Árnason, 111–152. Reykjavík: University of Iceland Press.
- Kloster-Jensen, Martin. 1964. *Språklydlære*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kristján Árnason. 2005. *Íslensk tunga I. Hljóð. Handbók um hljóðfræði og hljóðkervisfræði*. Reykjavík: Almenna bókafélagið.
- Kristoffersen, Gjert og Torp, Arne. 2016. "Fonologi." I: *Norsk språkhistorie I: Mønster*, red. Helge Sandøy, 101–211. Oslo: Novus forlag.
- Larsen, Amund B. 1926. *Sognemålene*. Oslo: Jacob Dybwad.
- Lass, Roger. 1980. *On explaining language change*. Cambridge: Cambridge University Press.
- . 1984. *Phonology. An introduction to basic concepts* (2. ed.). Cambridge: Cambridge University Press.
- . 1997. *Historical linguistics and language change*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Mæhlum, Brit. 1999. *Mellom Skylla og Kharybdis. Forklaringsbegrepet i historisk språkvitenskap*. Oslo: Novus forlag.

- Ohala, John J. 1989. "Sound change is drawn from a pool of synchronic variation." I: *Language Change: Contributions to the study of its causes*, eds. L.E. Breivik & E.H. Jahr, 173–198. Berlin: Mouton de Gruyter.
- . 1993a. "Coarticulation and Phonology." *Language & Speech* 36, 155–170.
- . 1993b. "The phonetics of sound change." I: *Historical Linguistics: Problems and Perspectives*, ed. Charles Jones, 237–278. London: Longman.
- . 2003. "Phonetics and Historical Phonology." I: *The Handbook of Historical Linguistics*, eds. Brian D. Joseph & Richard D. Janda, 669–686. Malden, Mass.: Blackwell.
- Rundhovde, Gunnvor. 1964. *Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Røsstad, Rune. 2011. "Kva fortel kjeldene om innovasjonen *dl* i norsk?" *Maal og Minne* hefte 2, 96–119.
- Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus forlag.
- . 1994. "Utan kontakt og endring?" I: *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden. Föredrag från ett forskarsymposium*, utg. Ulla-Britt Kotsinas & John Helgander, 38–51. Stockholm: Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet.
- . 2003. "Språkendringar med eller utan kontakt i Vest-Norden?" I: *Út-norður. West Nordic Standardisation and Variation*, ed. Kristján Árnason, 81–110. Reykjavík: University of Iceland Press.
- Schulte, Michael. 2005. "Phonological developments from Old Nordic to Early Modern Nordic I: West Scandinavian." I: *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages. Volume 2*. (Handbücher zur Sprach- und Kommunikationswissenschaft 22.2.), ed. Oskar Bandle et al., 1081–1097. Berlin: Walter de Gruyter.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Slethei, Kolbjørn. 1996. *Grunnbok i fonetikk for språkstudenter*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Sommerfelt, Alf. 1952. "Differensiasjonen av *ll* til *dl* i norrønt språk." I: *Festskrift til L. L. Hammerich på tresårsdagen, den 31. juli 1952*, red. H. Bach, 219–221. København: Gad.

- Stevens, Mary & Harrington, Jonathan. 2014. "The individual and the actuation of sound change." *Loquens* 1(1), e003. doi: <http://dx.doi.org/10.3989/loquens.2014.003>
- Torp, Arne. 2011. "Islandsk og strilemål – antidansk? Fonologiske parallellutviklinger i islandsk og sørvestnorsk sett i et nordisk perspektiv." *Orð ok tunga* 13, 21–35.

## Summary

The sound change *ll* > *dl* in western Norwegian is considered to be a 'segmentalization' and stands in an unclear relationship to the change *rl* (> *ll*) > *dl*, which is considered a 'dissimilation'. These sound changes have been tentatively explained in different ways, and particularly problematic is *ll* > *dl*. The author argues that it is more clarifying to look upon the change as an 'epenthesis', and thus consider it a result of coarticulation and thereby a phonetically motivated sound change. Furthermore, the author investigates whether and how the sound changes may be explained within two theoretical frameworks which combine phonetic basis with cognition: articulatory phonology (represented by Garmann 2010), and John J. Ohala's theory on hypocorrection and hypercorrection. The conclusion is that these theories do not provide entirely satisfactory answers, and it is particularly challenging to describe the cognitive process. Yet the two approaches appear as productive attempts to understand how the sound changes came about.

Rune Røsstad  
 Universitetet i Agder  
 Institutt for nordisk og mediefag  
 Postboks 422  
 NO-4604 Kristiansand  
 rune.rosstad@uia.no